Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 18

Tilleggsspørsmålnr.

Emne: Jületre og jülehalm

Oppskr. av: M. G. Mikkelson

(adresse): Helle i Högsfjord

Fylke: Rogaland

Herad: Forsand

Bygdelag: Espedal

Gard: Övre Espedal

G.nr. 48 Br.nr. 11

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1) Ja, no må det seggjast at jületreet er vanligt i vår bygd.

2) Nei, det kan ikkje heilt visst seggjast når dei tok til med jületre, men eg vil tru at det var ved år 1900 at det fyrst kom til vår bygd.

3) Det fyrste dei hadde jületre var kringüm i heimane, då i barnerike heimar. So tok üngdomen til med å ha jületre på skülehüset. Her vart då bygdi sin üngdom og barn samla

4) Det var ikkje vanligt å stasa üt stovene med grönt eller med halm eller papirstas

5) Svar fell bürt

6) Det treet som vart nytta i heimane var so kring 1 meter, det som vart brüka på skülehüset kring 2 meter

7) a. Jületreet var av füra, og vart pynta med papirkorger av glanspapir, sylvglitr, flag og so vart det nytta apelsin og eple, i korgene var nøter og anna snoppri, På toppen var det stasa med ei stjödna av eit eller anna slag.

b. Ja, stearinljos.

8) Det var vaksne og barn, omeinannan

4077

9 Det står på golvet. Det som vart brukt i heimane stod gjerne burte i ei krå når ein ikkje gjekk kring det. Det på skulehuset stod fastgjorda midt på golvet med heile julehelgi.

10) Dette fyrste gong treet vart tent var etter at det var pynta og det var til vanligt jul-aftan. Jultreet hadde ein med heile jule-helgi, og vart tent ved tid og tíve når ein tykte det passa.

11) Ja, det var vanligt å gå kring treet, soleis at borna gjekk i ein ring nærmast treet og dei vaksne utanum, når det var so mange, elles gjekk born og vaksne i ein ring. Det var salmar som vart sungne som: „I denne søde juletid". „Eit barn er fødd i Betlehem". o.s.b.

12) Til vanligt over nyaar

13) Det var vanligt at borna fekk den glada å Haurta juletreet og det var mykji moro

14) Føra

15) Kjenner ikkje noko sovore

16) Nei.

17) Nei

2) Vart ikkje nytta

3) Svar fell burt

4) Svar fell burt

Merknad:

Når det skulde vera fint so strødde dei fin rein sand (støypesand) ut over golvet etter at dette var reinskura. Men dette gjekk vel av bruk so kring 1870 åri.

4077

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING